

Kommuneplan - Samfunnsdelen

Trivel i levande bygder – med rom for eventyr!

ASKVOLL MOT 2035

Offentleg ettersyn



Om samfunnsdelen

Kommuneplanen er saman med økonomiplanen kommunen sitt viktigaste overordna styringsdokument. Planen skal sette retning for utviklinga av Askvoll fram mot 2035.

Plan- og bygningslova seier at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen.

Samfunnsdelen inneheld dei langsiktige hovudmåla for kommunen og dei strategiane vi skal følgje for å nå måla. Arealdelen viser kva vi skal bruke areala i kommunen til. Samfunnsdelen inneheld òg ein arealstrategi, som gir føringar for arealdelen.

Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel, som inneheld dei konkrete tiltaka kommunen vil gjennomføre for å følgje opp måla og strategiane i samfunnsdelen. I Askvoll vil handlingsdelen og økonomiplanen vere det same dokumentet.

Kommuneplanen har vanlegvis eit tidsperspektiv på om lag 12 år – derav Askvoll mot 2035. Kommuneplanen vert normalt revidert oftare; Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode vedta ein kommunal planstrategi. I den vert det teke stilling til om det er behov for å revidere kommuneplanen. Handlingsdelen har derimot eit tidsperspektiv på 4 år, og skal reviderast kvart år.

Samfunnsdelen vert følgt opp med fleire planar, m.a. kommunedelplanar og temaplanar, som går djupare inn i meir avgrensa tema eller fagområde.

Ei verd i endring skapar behov for omstilling

Kommunen har ulike roller:

- Samfunnsutviklar
- Forvaltar (styresmakt i høve til lovverk)
- Tenesteleverandør (tilbod til innbyggjarane)
- Organisasjon (arbeidsgjever og eigar av eigedom)

Samfunnsdelen skal omfatte alle desse rollene.

Verda rundt oss er i stadig endring. Vi står overfor utfordringar som klimaendringar, endra demografi og aukande skilnader. Det er ikkje alt vi kan påverke, men vi kan planlegge for å takle utfordringane og forsøke å nytte mogelegheitene på best måte. Samfunnsdelen skal ikkje innehalde alt som kommunen arbeider med. Han skal prioritere dei viktigaste satsingsområda for å styre utviklinga i kommunen i ønska retning.

Samarbeid om å nå måla

Krevjande økonomiske rammer og avgrensa tilgang på arbeidskraft gjer at vi må tenkje nytt om korleis vi skal løyse oppgåvene. Oppgåvene må løysast med ei heilskapleg tilnærming, på tvers av sektorar og fagområde, og i samarbeid med lokalsamfunnet. Det er nødvendig å mobilisere eit mangfold av aktørar og ulike kompetansar.

Utviklinga av eit godt og berekraftig lokalsamfunn skjer ikkje berre i kommunestylesalen, men er eit fellesskapsprosjekt. Kommunen må samarbeide med andre styresmakter, næringsliv, organisasjonar og frivillige for å skape gode løysingar for vanskelege utfordringar. Utviklinga av Askvoll vil skje i heile Askvollsamfunnet. Aktive innbyggjarar og næringsliv er med og spelar ei viktig rolle.

Samfunnsdelen set kursen mot 2035. Måla når vi i lag!

Rammer og føresetnader for samfunnsdelen

Lover, retningsliner og forventingar

Plan- og bygningslova styrer i hovudsak planarbeidet i kommunen. I tillegg har ulike sektorlover verknad for kommunen sitt arbeid. Forvaltinga etter desse sektorlovene er ofte lagt til andre styresmakter enn kommunen. Nokre lover er sektorovergripande og i stor grad styrande for planarbeidet og kommunen sine handlingar, t.d. folkehelselova og naturmangfaldlova. I tillegg til gjeldande lovverk er det gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå.

Mål og rammer for den nasjonale politikken kjem fram i statlege planretningsliner, rikspolitiske retningsliner, stortingsmeldingar, handlingsplanar og rundskriv. Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane for 2019 – 2023 inneheld ei rekke forventningar innan fire hovudtema:

- Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling
- Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
- Berekraftig areal- og transportutvikling
- Byar og tettstadar der det er godt å bu og leve

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- Å skape et berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn mellom anna gjennom ein offensiv klimapolitikk og ein forsvarleg ressursforvalting
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Fleire fylkeskommunale planar gir føringar for samfunnsutviklinga, og det er forventa at kommunen følgjer opp desse føringane i eige planverk. Nokre av dei som er viktigast for samfunnsdelen er:


- Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi)
- Regional plan for klima
- Regional plan for fornybar energi
- Regional plan for vassforvaltning
- Regional transportplan
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
- Temoplan for landbruk
- Temoplan for reiseliv

Fleire av planane inneheld kunnskapsgrunnlag, mål, strategiar og tiltak som kan vere naturleg at kommunen tek utgangspunkt i når ein skal prioritere tiltak i kommunen sin handlingsdel/økonomiplan.



Berekraftig utvikling og globale berekraftsmål

Berekraftig utvikling handlar om å imøtekomme behova og gje betre levekår for folk i dag, utan å øydelegge livsgrunnlaget for framtidige generasjoner.



FN har definert 17 mål som verdas land må oppnå innan 2030 for å lykkast med å skape ei berekraftig framtid på global basis. Desse vert kalla for berekraftsmåla, og inkluderer konkrete målsettingar for å utrydde fattigdom, utlikne ulikskapar, stoppe menneskeskapte klimaendringar, helse, klima, fiskeriforvalting, forureining, biologisk mangfold m.m.

Å arbeide for ei berekraftig utvikling handlar om å sjå det vi gjer i breitt perspektiv. Alle aktivitetar og avgjerder må bli vurdert opp mot alle dei tre dimensjonane sosial, økonomisk og økologisk berekraft. Det inneber at vi ikkje alltid kan gjere det som fell oss enklast, eller er mest lønsamt i augeblicket. For at vi skal nå berekraftsmåla må alle delar av samfunnet bidra.

- **Sosial berekraft** handlar om å sikre innbyggjarane like mogelegheiter til å delta i samfunnet. Det betyr å investere i gode oppvekst- og levekår, helse, utdanning, likestilling, inkludering og mangfold. Samhaldet i samfunnet, tillit, demokrati og opplevd tilhørsle er avgjerande for ei berekraftig utvikling.
- **Økonomisk berekraft** handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre miljøbelasting, samt rettferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling føreset at det vert skapt verdiar i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod.
- **Økologisk berekraft** handlar om å utvikle samfunnet innanfor tolegrensene til planeten og redusere tapet av biologisk mangfold. Klimaendringane må reduserast, og samtidig må samfunnet tilpasse seg konsekvensane av endringane som skjer.

Utviklingstrekk og utfordringar i Askvoll

Demografi og befolkningsframkrivingar

Befolkningsutviklinga er knytt til skeiv alderssamsetnad og fråflytting. Fødselstala er stabile, men det er stort sett fødselsunderskot. Gjennomsnittsalder blant innbyggjarane er høg. Framskrivingar syner at den skeive alderssamsetnaden vil auke og at det vert fleire eldre sett i høve til personar i yrkesaktiv alder. Kommunen er avhengig av innflytting for å kunne halde folketalet stabilt. Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den einskilde kommunen – også i Askvoll.

Næringsliv og sysselsetjing

Kommunen har hatt låg arbeidsplassvekst dei siste åra og relativt få nyetablerte verksemder. Enkelte bransjar og verksemder har vanskar med å rekruttere relevant arbeidskraft, og kommunen har relativt få kompetanseintensive næringar med behov for arbeidstakarar med høgare utdanning. Lite mangfald blandt bedriftene gjer det utfordrande å tiltrekke seg nye innbyggjarar og skaffe arbeid til to. Betre kommunikasjonar på sjø og land er viktig for dei som må pendle ut av kommunen for å finne høveleg arbeid.

Langsiktige og stabile rammer er vesentleg for næringslivet. Kommunen har ei viktig oppgåve med å legge til rette for at næringslivet kan finne ønska areal og lokale, og generelt som bidragsytar til vidareutvikling og vekst i både nye og eksisterande næringar i kommunen.

Folkehelse og levekår

I følge folkehelsekartlegginga for Askvoll kommune er helsetilstanden i befolkninga generelt lik eller betre enn landsgjennomsnittet. Som i resten av landet, aukar dei økonomiske skilnadene. Talet på born frå hushald med vedvarande låg inntekt har vakse. Helse og deltaking i samfunnet er område som blir råka negativt av auka sosial ulikskap. Å jobbe for at alle har like mogleger til å delta er grunnleggande for å utjamne sosial ulikskap.

Det kan sjå ut som det vert fleire innbyggjarar med utfordringar knytt til eiga psykisk helse. Einsemdu vert opplevd hjå fleire unge. Psykisk uhelse skapar store helse- og samfunnsutfordringar. Ein må ha fokus på folk sine føresetnader, og fremje meistring, tilhørsle, utvikling, vekst, mening og positive relasjonar i utvikling av kommunale tiltak.

Befolkninga er mindre fysisk aktiv enn tidlegare og delen overvektige aukar. Det ligg eit stort potensiale i å auke fysisk aktivitet i befolkninga. Dette gjev betre helse og førebygger sjukdom hos den enkelte, som igjen er av samfunnsøkonomisk interesse.

Ei god utdanning er grunnlaget for å forbetra menneske sitt liv, og fokus på godt læringsmiljø i barnehage og skule og gode fritidstilbod er viktig. Kunnskapsgrunnlaget syner at trivsel blant ungdomsskuleeleverne har gått noko ned, og at delen som ikkje fullfører vidaregåande opplæring har auka. Ein tilsynelatande auke i fråfall kan ha mange årsaker, og kan vere tilfeldige utslag. Men det kan også indikere at vi ikkje klarer å bidra nok til at fleire ungdomar får dei ferdighetene, både fagleg og sosialt, som er nødvendig for å mestre opplæringa på vidaregåande nivå.

Fleire overlever alvorleg sjukdom og skade, og framkrivingar viser at delen eldre vil auke kraftig dei neste 30 åra. Dette fører med seg auke av sjukdommar med kronisk utvikling og psykiske helseproblem. Tidleg utskriving frå spesialisthelsetenesta og oppgåveforskyving til kommunane fordrar effektive og kompetente helse- og omsorgstenester retta mot akutte og kritiske tilstandar, rehabilitering og omsorg i livets sluttfase.

Utviklingstrekk og utfordringar i Askvoll

Samferdsel, samfunnsutvikling og bustadstruktur

Ferje- og busstilbodet er lite frekvent og kollektivtilbod står i stadig fare for å bli redusert. Det er ressurskrevjande å oppretthalde standard, utbetre og vedlikehalde vegane. Samstundes er trygge og gode vegen og gang- og sykkelvegar viktig for å auke attraktiviteten til sykling, gonge og kollektivtransport.

Sentrale føringar legg opp til fortetting og transformasjon innanfor eksisterande byggjeområde, før nye område vert tekne i bruk. Omsyn til klima, miljø og energi må vektleggast i val av utbyggingsstruktur og tettstadsutvikling. Eit noko meir konsentrert utbyggingsmønster kan redusere transportbehov, gje betre grunnlag for kollektivtilbod, auke bruk av gonge og sykkel som transportform, og utnytte sosial og teknisk infrastruktur på ein betre måte.

Bustadstrukturen i Askvoll består i hovudsak av einebustadar og eit svært spreidd busettingsmønster. Askvoll har mange levedyktige bygder med utviklingspotensiale, der det vert viktig å legge til rette for bustadbygging på tomter som vert oppfatta som attraktive. Det er noko lite mangfold i bustadtilbodet og det manglar attraktive og byggjeklare tomter i områda som har vekst. Føreliggande statistikk gjev ein indikasjon på at det i åra framover vil vere behov for fleire bustadar med ulike storleikar og kvalitetar.

I planarbeidet er det viktig å finne ein balanse mellom klima- og miljøomsyn, service- og tenestetilbod og omsyn til å oppretthalde den eksisterande spreidde strukturen.

Klimaendringar og klimatilpassing

Globale klima- og miljøutfordringar påverkar øg Askvoll. Klimaet er i endring og hyppigare ekstreme naturhendingar i form av styrregn, flaum, ras og skred kan påverke kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø. Klimaendringar kan også spele inn og påverke tilhøva og kostnader for fleire naturbaserte næringar. Som følgje av havstigning vil stormflonivået auke og er forhold som vi må planlegge for i framtida. Arealplanlegginga må ta omsyn til dei auka naturfarane.

Dei forventa klimaendringane med auka årstemperatur, meir nedbør og meir intens nedbør og auka fare for stormflo, skred og tørkeperiodar vil føre til konsekvensar for både natur og samfunn. Både eksisterande bygg og infrastruktur og nye prosjekt og tiltak må ta høgde for klimaendringane. Kommunen må gjere vurderingar og tiltak innanfor alle dei ulike områda og sektorane i kommunen.

Klimagassutsleppa per innbyggjar i Askvoll kommune er svært høge samanlikna med snitt for landet. Mesteparten av utsleppa kjem frå sjøfart, vegtransport og jordbruk. Kommunen har ei viktig rolle med å stimulere til og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging.

Askvoll kommune har svært mange sysselsette innan naturbaserte næringar og kommunen er avhengig av at næringslivet i minst mogeleg grad vert råka av klimaendringane og samstundes klarar seg godt i overgangen til eit samfunn med lågt utslepp.

Kommunale tenester og forvalting

Kommunen får stadig fleire lovpålagte oppgåver samtidig som den statlege styringa og krav til oppgåveløysing på enkelte felt har vakse. Større krav til tenestene kan gje trøngare økonomi og kommunane meir prisgitt endringar i inntektssystemet/statlege overføringer. Kommunen må tilpasse tenestetilbod til dei økonomiske rammene.

Visjon og satsingsområde

Samfunnsdelen har fire satsingsområde:

1. Levande bygder og gode nærmiljø
2. Attraktivt næringsliv og god infrastruktur
3. Klima og miljø
4. Kommuneorganisasjonen

Samfunnsdelen inneholder også ein **arealstrategi** som vidarefører og konkretiserer delar av satsingsområda i høve til arealbruk.

Kvar satsingsområde har eit hovudmål. Under kvar hovudmål er det utarbeidd delmål og strategiar som skal bidra til å nå hovudmåla.

Satsingsområda i samfunnsdelen omfattar ikkje alt arbeid som kommunen gjer på ulike fagfelt, men peikar på områda som skal ha særleg merksemd og ressursar. Dei peiker også på forventningar kommunen har til samarbeid med andre styresmakter, næringslivet og det frivillige Askvoll.

Måla og strategiane er i stor grad ganske overordna formulert. For nokre tema er det naturleg å arbeide vidare med kommunedelplanar og temaplanar for å spesifisere meir konkret kva ein ønsker å prioritere. Det er også allereie utarbeidd fleire slike planar. For andre tema er det meir tydeleg kva slags tiltak som kan vere aktuelt å ta inn i handlingsdelen/økonomiplanen til kommunen.


«Alt heng saman med alt», og mange av strategiane passar under fleire av satsingsområda. For at ting ikkje skal stå dobbelt, er dei plassert under berre eitt satsingsområde. Ein er difor nøydd til å sjå alle satsingsområda og arealstrategien i samanheng for å få oversikt over prioriteringane.

FN sine berekraftsmål er nytta som ei ramme for arbeidet med kommunen sine mål og strategiar.

Visjon

Trivsel i levande bygder – med rom for eventyr!

Visjonen vår speglar dei grunnleggande verdiane og fellesskapet vi ønskjer at samfunnet vårt skal ha. Vi skal ha takhøgde, slik at kvar enkelt skal kunne trivst og utfalte seg i samspele med andre i bygda. Visjonen skal vere eit samlande uttrykk for den retninga vi ønskjer at utviklinga i Askvoll skal gå i.



Levande bygder og gode nærmiljø

HOVUDMÅL: Askvoll skal ha levande bygder og gode nærmiljø prega av trivsel, identitet, engasjement, frivillig arbeid og samhald.

Noko av det mest grunnleggande i ein kommune er at innbyggjarane trivst. Askvoll har eit godt utgangspunkt med vakre naturomgjevnader. Vi må legge til rette for at dei bygde omgjevnadene er attraktive og trygge.

Sosial berekraft handlar om at alle skal oppleve å vere ein del av lokalsamfunnet dei hører til. Alle skal ha mogelegheit til å delta likeverdig og aktivt i samfunnet og utviklinga av det. Alle innbyggjarar skal oppleve livskvalitet, meistring, tilhøyrslle, tryggleik og inkludering. Vi må legge til rette for at alle uansett alder, funksjonsevne og økonomi har gode møteplassar og kan delta aktivt i kultur- og fritidsaktivitetar.

Det skal vere attraktivt å leve heile livet i Askvoll. Ein god start på livet og høg deltaking i utdanning gir godt grunnlag for resten av livet. Mål for folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale helseskilnader. Vi må legge til rette for at flest mogeleg kan vere sjølvhjelpe, bu trygt i eigen heim så lenge som mogeleg og bidra som ein aktiv ressurs i lokalsamfunnet. Vi må prioritere førebyggjande arbeid og haldningsskapande arbeid og redusere skilnader mellom folk. Reduserte skilnader i levekår vil sikre innbyggjarane like mogelegheiter, motverke utanforsk og fremje god folkehelse.



Delmål: Askvoll skal vere eit inkluderande og mangfaldig samfunn med gode møteplassar

Strategiar:

- Arbeide for tiltalande og velstelte sentrumsområde.
- Byggje identitetskjensle og tilhøyrssle ved å la born i skule og barnehage bli kjend med eigen kommune.
- Bidra til etablering av innandørs og utandørs møteplassar i sentrumsområda, med særleg fokus på tilbod til born og unge.
- Arbeide for at møteplassar og fritidsaktivitetar er tilbod til alle, uavhengig av alder, funksjonsevne, økonomi og kulturell bakgrunn.
- Bidra til breidde og mangfold i idretts- og kulturtilboden.
- Styrke frivillig sektor som aktør for eit levande lokalsamfunn.
- Stimulere til at innbyggjarar og samfunnsaktørar blir motiverte til å bidra i samfunnsutviklinga og i politisk arbeid, og særleg legge til rette for aktive elevråd og ungdomsråd.
- Arbeide aktivt for kunnskap, toleranse og inkludering i alle samanhengar i samfunnet.



Delmål: Askvoll skal vere eit helsefremjande samfunn med små skilnader i levekår

Strategiar:

- Arbeide tværfagleg og prioritere tidleg innsats for å fremje god psykisk og fysisk helse, og livskvalitet for alle
- Arbeide førebyggande for å hindre utanforskap og einsemd
- Fremje arbeidet for å førebygge bruk av tobakk/snus og rusmidlar.
- Ha fokus på fysisk aktivitet og sunne livsvaner i barnehage, skule og omsorgstenester, og legge til rette for auka fysisk aktivitet i idrettsanlegg og nærområde.
- Arbeide for å sikre høg deltaking i utdanning og arbeidsliv.
- Sikre eit desentralisert barnehage-, skule- og kulturskuletilbod.
- Bidra til eit variert bustadtilbod der flest mogleg får eigen, tenleg bustad.
- Legge til rette for at flest mogleg kan vere sjølvhjelpe og bu trygt i eigen heim så lenge som mogeleg, mellom anna ved å legge til rette for nye buformer for eldre.
- Sikre likeverdige, heilskaplege helse- og omsorgstenester med god kvalitet til rett tid
- Samarbeide med frivillige, kyrkje og livssynsorganisasjonar for å utvikle og samordne aktivitetar og tiltak som fremmar god helse



Attraktivt næringsliv og god infrastruktur

HOVUDMÅL: Askvoll skal ha eit attraktivt næringsliv og god infrastruktur som støttar opp under næring og busetnad

Ein viktig del av den økonomiske berekrafa i samfunnet er at så mange som mogeleg er i jobb og kan ta del i arbeidslivet. Samtidig er det viktig for kvar enkelt å ha ei inntekt som gir gode levekår, og ei kjensle av at ein er del av og bidreg til lokalsamfunnet. God og relevant utdanning og gode system for livslang læring er naudsynt for å sikre arbeidskraft og skape konkurransedyktige næringar. Samtidig er det mest grunnleggande for å rekruttere og behalde arbeidstakrarar at det er levande bygder med tilbod som gjer det attraktivt å bu her.

Askvoll skal vere attraktiv for gründerar og dei som vil etablere seg. Samtidig må dagens næringsliv vidareutviklast. Det føreset at næringslivet har gode og stabile rammevilkår.

Askvoll har store naturressursar og næringspotensial mellom anna innanfor landbruk, marine og maritime næringar, geologi og besøks- og opplevingsnæringa. Landbruksnæringa i kommunen består i hovudsak av mjølke- og kjøtproduksjon, og utviklinga går mot færre bruk men med større produksjon. Oppdrettsnæringa har areal- og miljøutfordringar, men potensiale i ny teknologi og nye artar. På øyane er fiskerinæringa av stor betydning, med store kystnotfartøy, eit fiskemottak og ei topp moderne fiskeforedlingsbedrift. Handelsnæringa har ei utfordring i høve til netthandel og handelslekkasje til andre kommunar, og sentralisering og omlegging av offentlege og andre tenester som post og bank fører til at ein kanskje må vurdere annan bruk for å oppretthalde liv og aktivitet i sentrum. Som reisemål kan kommunen by på fantastiske naturopplevelingar med god plass og lite trafikkerte vegar.

Næringsutvikling og verdiskaping er heilt avhengig av god infrastruktur, og føreset gode løysingar for kommunikasjon og transport av gods og folk. Trygge og gode vegar, kollektivtransport, samband til andre kommunar og større byar, breiband og mobildekning er òg viktig for privatpersonar si deltaking i samfunnslivet og for ein enkel kvardag.



Delmål: Askvoll skal ha eit sterkt og variert nærings- og arbeidsliv

Strategiar:

- Stimulere til og betre føresetnadene for nyetableringar og vidareutvikling av eksisterande næringsliv.
- Ha kommunen sine naturlege føresetnader og naturressursar som utgangspunkt for næringsetablering og vekst.
- Ha ledig og byggjeklart areal i industriområde, og gje tydeleg rettleiing og rask sakshandsaming for å bidra til etablering av næringsareal når det er aktuelt utanfor dei etablerte industriområda.
- Støtte opp under etablering av kontorfellesskap.
- Bidra til nettverksbygging og kompetanseheving i lokale verksemder, betre føresetnadene for tilpassing til nye krav og forventningar, mellom anna grøn omstilling, og prioritere og påskjøne grøne løysingar når det er mogleg.
- Samarbeide med næringslivet og utdanningsinstitusjonar om kompetansebehov og god tilgang på lære- og praksisplassar.
- Samarbeide om profilering og marknadsføring av kommunen og regionen for å synleggjere næringslivet, jobb- og etableringsmoglegheiter, fritidsaktivitetar, buområde og reisemål.
- Bidra til å vidareutvikle og styrke landbruket sine store og små bruk, og legge til rette for tilleggsnæringer, for å sikre aktiv drift av areal, ivaretaking av kulturlandskapet og lokal matproduksjon.
- Legge til rette for reiselivsutvikling, med fokus på kvalitet framfor kvantitet, utviding av sesongen, samarbeid mellom ulike aktørar/tilbod og attraktive gjestehamner.

Delmål: Askvoll skal ha gode og trygge samband internt og med omverda

Strategiar:

- Arbeide for eit tenleg tilbod av offentlege transportmiddel.
- Arbeide for realisering av Atløysambandet med vidareføring til ny ferjekai på vestsida av Atløy.
- Arbeide for opprusting/rassikring av fv. 57 og fv. 609.
- Vere støttespelar for Kystvegen.
- Arbeide for gode farleier og hamner.
- Arbeide for trygge vegar med god standard.
- Ha fokus på auke av kapasitet og reduksjon av sårbarheit i kraftoverføringsnettet.
- Arbeide for full mobildekning i heile kommunen, og bidra til tilfredsstillande fiber-/breibandnett i alle område med bustader og næring, og i enkeltområde/attraksjonar der det er ønskjeleg med digital tilrettelegging/informasjon.
- Bidra til at det vert etablert ein tenleg ladestruktur.



Klima og miljø

HOVUDMÅL: Askvoll møter lokale og globale klima- og miljøutfordringar med berekraftige løysningar

Slutt å sløse! Det er kjernen i miljøarbeidet. Ikkje bruke meir råvarer og areal enn nødvendig. Gjere produksjon av varer og tenester og transport så effektiv som mogleg, slik at klimagassutsleppa, ureining og tap av naturmangfald vert minst mogleg. Ikkje kjøpe og bruke meir enn nødvendig, og syte for at det ein kjøper varer lenge og kan nyttast om att fleire gonger eller materialgjenvinnast. Minst mogleg må hamne på bossfyllinga. Når vi nyttar slike sirkulære løysingar skapar vi nye produkt og tenester og nye arbeidsplassar. Miljømessig berekraft inneber at vi tek omsyn til at jorda og miljøet kring oss skal vere i minst like god tilstand for dei som kjem etter oss.

Dei største klimagassutsleppa i Askvoll kommune kjem frå skipsfart, landbruk og vegtrafikk. Mykje av dette kan ikkje vi gjere noko med, til dømes utsleppa frå dei skipa som følgjer farleia gjennom kommunen utan å stoppe her. Vi må likevel ta tak der vi har moglegheit. Kommunen er ein stor egedomsforvaltar og tenesteleverandør, og det er stort potensiale i å redusere dei direkte utsleppa frå drifta til kommunen. Samtidig må innbyggjarar og verksemder i kommunen redusere sine utslepp. Vi må òg sjå på klimafotavtrykket og dei indirekte klimagassutsleppa, altså dei utsleppa som skjer i andre kommunar og andre land på grunn av vårt forbruk.

Kraftnettet og straumforsyninga til enkelte delar av kommunen er i dag sårbart med låg kapasitet. Denne utfordringa vil forsterke seg etter kvart som fossilt brensel vert utfasa og erstatta med mellom anna straum. Vi må både redusere energibruken vår og ta i bruk alternative energikjelder som supplerer kraftnettet.

Klimaendringar er ikkje noko nytt, det har skjedd dramatiske endringar kring i verda mange gonger opp gjennom historia. I dag har vi likevel meir kunnskap og oversikt, og har betre føresetnader for å førebu oss og tilpasse oss. I Askvoll er det først og fremst havnivåstigning, auka og meir intens nedbør og mildare klima som vil påverke kvarldagen. Vi må forhalde oss til større risiko for ras og flaum, meir vedlikehald for å unngå røte og fuktskadar, nye artar og endra helsepåverknader/sjukdomar. Næringslivet kan få endra føresetnader; Landbruket får lengre vekstssesong, men våtare bør. Fiskeri- og akvakulturnæringa må ta høgde for at varmare vatn er negativt for nokre av dei fiskeartane som trivst her i dag. Ulik alder, helse, utdanning, økonomiske, teknologiske og kulturelle føresetnader og ressursar gjer at folk har ulik evne til å tilpasse seg klimaendringane og grøn omstilling. I klimaarbeidet må vi ha fokus på at ingen skal komme ekstra därleg ut når det gjeld levekår og livskvalitet – klimarettferd.



Delmål: Askvoll skal vere ein klima- og miljøvennleg kommune


Strategiar:

- Kutte dei direkte klimagassutsleppa i kommunen i tråd med dei nasjonale og regionale måla.
- Legge vekt på null- og lågutsleppsløysingar, sirkulær økonomi, å unngå helse- og miljøfarlege stoff, effektiv arealbruk og ivaretaking av naturmangfald og etiske krav i kommunale innkjøp.
- Legge om til bruk av fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftsområde og landskaps- og kulturverdiar, i takt med den teknologiske utviklinga, t.d. bioenergi, solceller og varmepumper.
- Redusere energibruken i kommunale bygg og anlegg.
- Syte for at den kommunale eigedomsmassen har effektiv arealutnytting. Ombygging skal vurderast før nybygging. Utforming av bygg, ombygging, materialbruk og vedlikehald må ha eit langsigkt perspektiv der fleksibilitet og brukarane sine behov er i fokus.
- Nyte meir klimavenleg mat og redusere matsvinn.
- Redusere forbruk og avfallsmengde og fremje klimavenleg åtferd ved å nytte sirkulære løysingar.
- Gjere det attraktivt for innbyggjarane å gå, sykle og køyre kollektivt.
- Unngå nedbygging av areal med høgt karbonopptak, som skog og myr, bidra til aktiv skogskjøtsel, og bidra til god drenering av jordbruksareal slik at lystgass-utslepp vert redusert.

Delmål: Askvoll er rusta for å møte konsekvensar av klimaendringar og grøn omstilling

Strategiar:

- Tilpassa og sikre kommunen mot konsekvensane av klimaendringar og uønska hendingar i planlegging og forvalting. Bygg, anlegg, infrastruktur og uteområde må ha utforming og materialbruk som er eigna i høve til klimaendringane.
- Ha fokus på og bidra til at eksisterande busetnad og vegsamband er tilstrekkeleg sikra mot naturfare, og vurdere kommunal innsats for kartlegging av naturfare og sikring av område der overordna styresmakter ikkje gjer nok.
- Ha fokus på forbetring av kapasiteten i handtering av overvatn i område med mykje tette flater, og gjennomføring av tiltak langs større og mindre vassdrag der det er fare for flaumskade på bygg og anlegg. Naturbaserte løysingar må prioriterast.
- Sikre den kommunale drikkevassforsyninga og ha fokus på drikkevasskvaliteten til innbyggjarane.
- Sikre godt vedlikehald av kommunale bygg og anlegg og kommunale vegar med tilhøyrande grøftesystem.
- Vere ein pådrivar for auka kunnskap om klima- og miljøtiltak, og gje innbyggjarane, organisasjonar og verksemder mogelegheit til å ta gode miljøval.





Kommuneorganisasjonen

HOVUDMÅL: Askvoll kommune skal ha gode tenester for alle

Dei kommunale tenestene skal bidra til at alle innbyggjarane får eit godt liv med gode levekår. Det vil m.a. seie at folk får god utdanning, nødvendig hjelpe når dei treng det, at næringslivet har gode rammer, at infrastruktur er på plass og at det finst trygge buområde og passande bustader.

Dersom ein skal nå desse måla, må kommunen levere tenester av god kvalitet. Det er viktig å rekruttere folk med god kompetanse, og ikkje minst behalde dei tilsette ein allereie har. Vidareutdanning og anna kompetanseutvikling er vesentleg. Heilskapleg styring og kontinuerleg arbeid med forbetring og utvikling er ein føresetnad i alle tenester.

Kommuneøkonomien, stadig fleire lovpålagte oppgåver med større krav til kompetanse, og folketalsutviklinga med stadig fleire eldre per person i arbeid, gjer det utfordrande å ha nok hender til å dekke behovet. Vi er nøydd til å tenkje nytt og finne betre og smartare måtar å levere tenester på. Digitale løysingar er ein måte å bidra til ein enklare kvar dag for innbyggjarar og næringsliv. Det føreset likevel fokus på auka digital kompetanse. Alle tenestene må vere utforma slik at dei kan nyttast av ulike brukargrupper, slik at ikkje nokon fell utanfor.

Innbyggjarar, frivillige organisasjonar, næringslivet og det offentlege bidrar alle til å gjere Askvoll til ein god kommune å leve, arbeide og bu i. Eit godt samarbeid og god medverknad gjev meir kunnskap og treffsikre avgjerder, og det må skapast gode arenaer for samhandling som kan styrke samarbeidet.

Delmål: Askvoll kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar og inkluderande arbeidsplass

Strategiar:

- Rekruttere kvalifiserte fagpersonar, og vurdere særskilte rekrutteringstiltak ved mangel på kompetanse på einskilde fagfelt.
- Bidra til kompetanseutvikling og rekruttering ved å tilby læringsplassar, sommarjobbar og annan praksis.
- Legge til rette for kompetanseheving på eigne tilsette og tilby konkurransedyktige løns- og arbeidstilhøve.
- Sikre godt tverrfagleg samarbeid og god informasjonsflyt.
- Ha fokus på trivsel på arbeidsplassen og kultur for medverknad.
- Vere pådrivar for eit likestilt og inkluderande arbeidsliv.
- Arbeide for ein heiltidskultur, men òg legge til rette for individuelle behov.

Delmål: Askvoll kommune skal ha gode tenester og vere ein kvalitetsbevisst og utviklingsorientert organisasjon

Strategiar:

- Syte for at dei kommunale tenestene har god fagleg standard, og er framtidsretta og tilpassa behovet.
- Ta i bruk nye, digitale løysingar som bidreg til å forbetre tenestetilbodet.
- Sikre at dei kommunale tenestene er likeverdige og tilgjengelege for alle.
- Drive systematisk førebyggjande arbeid og sette inn tiltak tidleg, på tvers av sektorar.
- Leggje innbyggjardialog og samarbeid til grunn for utvikling av kommunen og tenestetilbodet.
- Sikre at innbyggjarane enkelt kan få innsyn i og forståing for verksemda og avgjerder i kommunen.




Langsiktig arealstrategi

Arealstrategien inneheld prinsipp for arealbruken i kommunen. Hensikta er å oppnå berekraftige og attraktive stader, legge til rette for næringsutvikling og effektiv utnytting av ressursane, og fremje helse, miljø og livskvalitet. Arealstrategien bidreg til å nå dei andre måla i samfunnsdelen. Prinsippa i arealstrategien skal liggje til grunn når kommunen utarbeider arealdelen av kommuneplanen, og elles i kommunen si sakshandsaming.

Generelt utbyggingsmønster

Askvoll kommune har eit svært spreidd busetnadsmønster. Berre 24 % av innbyggjarane bur i tettstad – Askvoll sentrum er den einaste tettstaden (SSB sin definisjon). Askvoll er med det ein av dei mest spreiddbygde kommunane i landet (SSB: Arealprofiler 2021). Busetnaden ligg generelt spreidd i eit belte langs sjøen og langs fylkesvegane der det er dyrka jord gjennom mesteparten av kommunen.



Tilbodet av kollektivtransport er relativt lite, og er bygd opp kring kollektivknutepunktet Askvoll sentrum, med bussruter langs fylkesvegane til høvesvis Førde og Dale, ferjeruter til Atløy, Bulandet/Værlandet og Fure, og ekspressbåt Bergen - Selje.

- Kommunen skal ha eit busetnadsmønster som opnar for både fortetting og spreidd busetnad («LNF-spreidd i alle bygder»).
- Fortetting og gjenbruk av areal og bygg skal vurderast før ein tek i bruk ubygde område.
- Det bør opnast for berre få utbyggingsfelt samtidig i ein krins, for å sikre arealeffektivitet og økonomi i dei enskilde prosjekta.
- Arealrekneskap bør nyttast i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

Langsiktig arealstrategi

Senterstruktur

Kommunesenter:

Askvoll sentrum er kommunesenter. Tettstaden inneholder kommuneadministrasjon, andre offentlige og private tenester, handel og idrett- og kulturtildelinger. Tilboda er dimensjonert for heile kommunen og til dels nabokommunar. Det skal vere fokus på utvikling som forsterkar dei sosiale møteplassane, offentleg tenestetilbod, handelsnæringa og bustadbygging.

Lokalsenter:

Holmedal, Stongfjorden og Høgda i Kvammen er lokalsenter som ein ønskjer å fortette kring. Lokalsentra skal vidareutviklast som møteplass for lokalmiljøet med varierte tenester og tilbod dimensjonert for å dekke behova i nærmiljøet. Som lokalsenter reknar ein òg Grov/Sauesund-området på Atløy. Det same gjeld Værlandet og Bulandet, som er relativt spreiddbygde øysamfunn, men som på grunn av avstanden til andre bygdesenter bør ha eit visst tenestetilbod.



Bustader og bumiljø

Det er høvesvis få ledige bustader på marknaden, og få utleigehusvære. Einsformig bustadtype, overvegande einebustader, samsvarer ikkje med framskrivinga av befolkninga (alder/familietilhøve). Bu- og bygdemiljøa må invitere til trivsel, inkludering og fysisk aktivitet. Det skal vere attraktivt å bu i heile kommunen.

- Det bør vere tilbod av attraktive, raskt tilgjengelege bustadtomter og utleigehusvære i alle krinsane.
- Det skal leggast til rette for varierte bustadtypar, spesielt mindre bueiningar. Storlek, kostnadsnivå, universell utforming/livsløpsstandard og god bukvalitet må bidra til allsidig butilbod og samansett befolkning.
- Lokalisering av nye bygg og funksjonar skal byggje opp under eksisterande kvalitetar. Offentlege uterom, møteplassar og leike-/rekreasjonsreal skal ha høg kvalitet og variert innhald, slik at dei fremjar fysisk aktivitet og fungerer som samlingsplassar på tvers av generasjonar og funksjonsevne. Uteområda skal vere godt eigna til bruken gjennom heile året.
- Ved utbygging skal det leggast best mogleg til rette for sykling og gange. Det skal òg settast av areal for lading av elbilar og elbåtar.

Langsiktig arealstrategi

Næringsutvikling

Kommunen har større industri-/næringsområde i Olsetvikane og Bulandet. I tillegg er det nokre private næringsområde, t.d. på Helle og i Værlandet. Askvoll sentrum har den største konsentrasjonen av forretningar og kontor. Det er daglegvareforretningar og nokre få andre firma i dei fleste lokalsentra. Det meste av anna næring ligg likevel for det meste spreidd i kommunen, gjerne knytt til naturressursar eller som tilleggsnæring til gardsbruk. Det har blitt meir vanleg å ha heimekontor og pendle til jobb ein annan stad i landet. Rett næring på rett stad er eit viktig prinsipp for å sikre ønska samfunnsutvikling og berekraftige omsyn.

- Ny industri/plasskrevjande næring bør så langt det er tenleg leggast til eksisterande industriområde. Forretningar og kontor skal i hovudsak leggast til kommune- og lokalsentra.
- Ved etablering av mindre næring og næringsareal må ein legge vekt på å unngå konflikt mellom næringsaktiviteten og busetnad/annan arealbruk.
- Langs fylkesveg 608 frå ferjekaia til kyrkja i Askvoll sentrum skal det vere forretningar og kontor på bakkenivå.
- Akvakulturnæringa bør sikrast høve til vidare, berekraftig utvikling ved ei moderat utviding, bruk av nye artar og ny teknologi/lukka anlegg.
- Det bør leggast til rette for tenlege hamneanlegg for maritim/marin næring, og offentlege kaier og allmenningskaier bør sikrast tilkomst.

Fritidshus

Kommunen har ein del etterspurnad etter og utbygging av fritidshus, utan at det er noko stort press. Mange har ei tilknyting til kommunen, men har ikkje høve til/ønskje om å bu her, og det er ei utfordring at ein del bustadhús og bustadleiligheter vert tekne i bruk som fritidsbustader. Utbygging og bruk av fritidshus kan gje ein varierande grad av ringverknader som er viktige for lokalt næringsliv.

- Fritidshus bør fortrinnsvis liggje i fortetta område (hyttefelt).
- Areal skal prioriterast til bustader og næring framfor til fritidsbustader.
- Ein bør unngå at bustadhús i og nær kommune- og lokalsentra vert tekne i bruk som fritidshus, og at nye fritidshus vert bygd i bustadområde. I Bulandet og Værlandet bør fritidshus leggast utanfor/i utkanten av dei bebygde «kjerneområda» for busetnad.
- Eksisterande sjøbuer ol. kan ved bruksendring nyttast til næring og bustader, men ikkje til fritidshus.
- I fjellområda kan det opnast for nokre få, mindre hyttefelt i område der det ikkje er vesentleg konflikt med andre interesser. Spreidde enkelhytter i fjellet er ikkje ønskjeleg, men det kan opnast for ei viss oppgradering og gjenoppføring av eldre bygg og oppføring av hytter/gapahukar som er til bruk for allmenta. Bygga skal ha enkel standard, og uteområda skal i minst mogeleg grad opparbeidast/privatiserast.

Langsiktig arealstrategi

Strandsoneforvalting

Kommunen har lang strandline, men relativt liten del av strandlinia er reelt tilgjengeleg og attraktiv for allmenta. Samtidig er busetnaden i store delar av kommunen tradisjonelt nær knytt til sjøen og strandsona, både gjennom byggjeskikk og som næringsveg.

- Det skal leggast vekt på ønske om etablering av bustader og næring der det er viktig for å styrke folketallet og sysselsettinga, i tråd med dei moglegheitene dei statlege planretningslinene for differensiert strandsoneforvaltning gir.
- Eksisterande byggjeskikk med bustader, sjøbuer og kai utanfor må vidareførast i dei områda som har vore utbygd slik.
- Byggjegrense langs sjøen skal vurderast konkret for dei ulike områda i kommunen i arealdelen (funksjonell strandsone).
- Ved utbygging i strandsona skal det om mogleg sikrast eit belte langs sjøen for allmenn ferdsel eller anna tilkomst til sjøen. I tettbygde strok bør ein ha opning for at det på lang sikt kan etablerast strandpromenade, kailine eller tilsvarande som er open for allmenn ferdsel
- Naust, brygger og fortøyingsanlegg for båtar bør samlast i felles anlegg/småbåthamner. Det kan førast opp mindre naust der det tradisjonelt har vore slike, og i tilknyting til eksisterande naust.

Natur- og kulturlandskap

Kommunen har mange område som er viktige og interessante i høve til naturmangfold, landskap, jordressursar, naturstein/mineral, kulturminne og friluftsliv, både på land og i sjø. Desse områda avgrensar i stor grad område der det er mogleg å bygge utan konfliktar, men er samtidig ein ressurs som kan nyttast på ulike måtar.

- Utbygging skal i størst mogeleg grad ivareta områder med spesiell verdi.
- Kjerneområde for landbruk bør definerast i arealdelen. Dyrka og dyrkbar mark bør så langt som mogleg ikkje byggast ned. Der det likevel vert bygd ned, bør matjorda takast vare på og om mogleg nyttast til etablering av dyrka mark andre stader.
- Tiltak skal tilpassast til landskapet og lokal/tradisjonell byggjeskikk, og synge kvalitet, men gje rom for tidsmessig/moderne formspråk.

